

Kjære 8. klassing
og foreldre/føresette!

Snart Konfirmant.

- innskriving til konfirmantåret 2023/2024

KONFIRMANT
2024



VIKTIG!

Husnes, Valen
og Holmedal

Påmelding
på www.kvinnherad.kyrkja.no
innan fredag 30. juni

Kjære deg!

No vil kyrkjelyden din invitera deg til å verta med oss i konfirmasjonstida 2023/2024.

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa i kyrkja vår, så vi reknar med at de som er døypte og medlem av Den Norske Kyrkja vert med på konfirmasjonsopplegget. Skulle nokon likevel finna ut at dei ikkje ynskjer å vera med på konfirmasjonsdagen, kan vi koma tilbake til det seinare.

Dersom du ikkje er døypt, kan du vera med i konfirmasjonstida, bli kjend med trua og velje om du vil bli døypt undervegs. Konfirmasjonsdagen er for dei som er døypte.

Konfirmasjonstida hos oss har fylgjande opplegg:

- **8 gudstenester**, inkludert presentasjonsgudsteneste, lysmesse og konfirmasjonsgudsteneste.
- **Samlingar som vert i Valen kyrkje, evt. i Husnes kyrkje**
- **Tilbud om å vera med på Nattcup innebandy laurdag 11. november GRATIS** for konfirantar å vera med og spela i turneringa.
- **Weekend til Brandøy 25.-27. august 2023** - Sjå info-boks
(evt. ei kveldssamling for dei som ikkje har høve til å vera med.)
- **Tenesteoppgåver**, m.a. innsamling til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
- **Miljøtiltak/deltaking i kristent ungdomsarbeid** i kyrkjelydane. Nattcafeen på Husnes bedehus og/eller Ope hus i Valen kyrkje.

Alle konfirmentane er i utgangspunktet påmeldt på weekend, sidan det er ein del av opplegget. **Dei som IKKJE kan vera med, må gi beskjed innan fredag 18. august!**

MEIR INFO OM DETTE FÅR DE I PROGRAM FOR WEEKEND SOM VERT SENDT UT I SLUTTEN AV JULI.

Innskriving på nett innan fredag 30. juni

...men det er lurt å gjere det med det same, så gløymer du det ikkje.

Får du problem med innmelding på nett, så ta kontakt på post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no eller tlf. 90 53 19 10 (Ikkje SMS).

NB! ALLE må registrere konfirmantane på internett.

Då går de inn på **www.kvinnherad.kyrkja.no**. Velg "Konfirmasjon" under Snarvegar og klikk deg inn på artikkelen "Velkomen som konfirmant 2023/24". Gå vidare til skjema for heile kommunen og **fill ut før fredag 30. juni**.

Kostnader

Konfirmantane betalar ingenting for undervisningsmateriellet. Weekend til Brandøy 25.-27. aug kjem på **kr. 1750,-**. Dette inkluderer både reis, aktivitetar og kost og losji heile helga. De får tilsendt faktura som e-post for denne innbetalinga. **NB! Ikkje vær redd for å gi beskjed om de ynskjer delbetaling, eller t.d. utsette 1 mnd, så ordnar me det!**

Oppstart/Presentasjonsgudstenestene

Info-møte for konfirmanter og foreldre/føresette like etterpå.
Utdeling av semesterplan.

Husnes kyrkje Søndag 3. september kl. 18.00

Valen kyrkje Søndag 10. september kl. 11.00

Holmedal kyrkje ... Søndag 24. september kl. 18.00

Me vil sende ut ein mail med info om første undervisnings-samvær.

Konfirmasjonane 2024

Husnes kyrkje Laurdag 27. april og Søndag 28. april kl. 11.00

Valen kyrkje Laurdag 4. mai kl. 11.00

Holmedal kyrkje ... Søndag 5. mai kl. 11.00

Husnes kyrkje Laurdag 11. mai og Søndag 12. mai kl. 11.00

Ved påmelding på heimesida legg de inn den dagen de ynskjer.

Dersom de har ein spesiell grunn kan de grunngje ynsket i skjemaet.

I løpet av hausten får de ei tilbagemelding på kva dag ein får tildelt.



Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal bli ei fin tid for kvar einskild. Då er det viktig at alle gjer sitt til at det skal lukkast, og vi har sett opp nokre ordensreglar:

- 1) **Møt presis** til alle samvær (helst nokre minutt før).
- 2) **Fråvær**. Har du god grunn til å vera borte frå eit samvær, må føresette be deg fri på førehand (andre fritidsaktivitetar er vanlegvis ikkje gyldig grunn.)
Er du borte frå undervisningssamvær p.g.a. sjukdom, må konfirmantlærer/prest få melding.
Må nokon ha fri frå ei av dei gudstenestene som alle skal vera med på (t.d. lysmessa), må vi få beskjed så lang tid på førehand at konfirmanten kan møta på ei tilsvarande gudsteneste i ei av dei andre kyrkjene.
- 3) **Ro og orden**. I alle samvær skal det vera ro og orden som gjev høve til konsentrasjon og arbeid. Slik kan utbytte av samværa verta best mogeleg.

Så ynskjer vi alle ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!



Ansvarleg for Husnes:

Åse Selsvold

Sokneprest i Husnes og Holmedal sokn

ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no

Tlf.: 456 05 184



Ansvarleg for Valen og Holmedal:

Kjetil Kringlebotten

Sokneprest

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no

Tlf.: 413 06 667



Kyrjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen - Tlf.: 90 53 19 10 (Ikkje SMS)

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no - www.kvinnherad.kyrkja.no

**For så elska Gud verda at han gav Son sin,
den einborne, så kvar den som trur på han,
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.**

- Johannes 3,16 -